

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 06.12.2023

SAKSHANDSAMAR: Thomas Iversen, Maren Moi-Vist, Kristin Grødem, Ingeborg Aas Ersdal

SAKA GJELD: **Status for arbeidet med regionalt beredskapsplanverk**

ARKIVSAK: 2022/909

STYRESAK: 121/23

STYREMØTE: 06.12. 2023

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar saka med status for arbeidet med regionalt beredskapsplanverk til orientering.
Styret vil vidare få ein årleg status for dette arbeidet.

Oppsummering

Som ein oppfølging av arbeidet med regional helseberedskapsplan for Helse Vest er det starta eit arbeid med ulike delplanar tilhøyrande den regionale helseberedskapsplanen.

Arbeidet vil gå føre seg vidare inn i 2024. Styret vil bli involvert med ei ny orienteringssak i styremøtet desember 2024, der dei delplanane som på dette tidspunktet er godkjent vil bli vedlagt styresaka.

Fakta

I sak 012-23 godkjente styret revidert regional helseberedskapsplan. Styret bad om å få lagt seg føre ein tydelegare tidsplan for når dei ulike delplanane skal arbeidast med. Styret bad vidare om å få lagt seg føre ein årleg status for dette arbeidet – enten som ei temasak eller som del av tertialrapport. På bakgrunn av dette vil det i denne saka bli gitt ei status til styret om pågåande arbeid med regional helseberedskapsplanverk med tilhøyrande delplanar.

I tabellen under er det ei oversikt for status for arbeidet med regionale delplanar.

OVERSIKT FOR ARBEID MED DELPLANAR – TILHØYRANDE REGIONAL HELSEBEREDSKAPSPLAN			
TYPE DEL-PLAN	GRUNNLAG / VURDERING	STATUS	OPPSTART OG FERDIGSTILLING
CBRNE-beredskap	Gjennomgang av CBRNE-beredskapen i Helse Vest.	Er ferdigstilla	Oppstart nov 2022 Ferdig mars 2023
Kommunikasjons-beredskap	Det er behov for ei eiga delplan for kommunikasjonsberedskap, basert på innspel som kom fram i arbeide med revideringa av regional helseberedskapsplan.	Mandat godkjent	Oppstart våren 2023. Ferdigstillast i januar 2024
IKT-beredskap	Dei fleste hendingar i Helse Vest er IKT-relaterte. I alle hendingar er ein avhengig av IKT. Plan bør inkludere Nødmeldetenesta. Regionalt beredskapsutval (ReBU) har bedt om at denne blir prioritert.	Mandat godkjent Arbeidsgruppe er oppretta	Oppstart av arbeidsgruppa i desember 2023. Ferdigstillast i løpet av 2024
Sivilt-militært samarbeid	Spesialisthelsetenesta utgjør ein del av totalforsvaret sine samla ressursar, og er gjensidig avhengig av godt samvirke med Forsvaret i aktuelle hendingar. Basert på den sikkerheitspolitiske situasjonen ein er i no med krig i Europa er dette ein plan som har høg prioritet.	Mandat godkjent.	Oppstart av arbeidsgruppa i desember 2023. Ferdigstillast i løpet av april 2024

OVERSIKT FOR ARBEID MED DELPLANAR – TILHØYRANDE REGIONAL HELSEBEREDSKAPSPLAN			
TYPE DEL-PLAN	GRUNNLAG / VURDERING	STATUS	OPPSTART OG FERDIGSTILLING
Forsyningsberedskap	Basert på del-evaluering frå pandemien blei det klart at det er behov for tydelege ansvarslinjer og grenseoppgangar innanfor forsyningsområdet i <i>handtering</i> i slike kriser. Forsyningsområdet har også hatt stort fokus, med oppretting av nasjonale og regionale forsyningslagre.	Mandat klart i januar 2024 Oppstart arbeidsgruppe i januar/februar	Oppstart våren 2024
Beredskapsmessig personellplanlegging (tentativ tittel)	Innspel ifb. med arbeid med noverande regionale helseberedskapsplan.	Ikkje påbegynt	Mogleg oppstart våren 2024
Pandemi og smittevernberedskap for alvorlege høginfeksiøse sjukdommar	Del-evaluering pandemi desember 2020, og vidare erfaringar frå pandemien samt andre hendingar med alvorlege høginfeksiøse sjukdommar.	Mandat påbegynt	Oppstart våren 2024
Blodberedskap	På bakgrunn av eigne styringskrav til HF-a om planverk innanfor blodberedskap. Harmonisering av planverk er oppdrag frå interregionalt AD-møte.	Arbeid går føre i samarbeid med Norsk koordinerings-senter for blodberedskap (Nokblod)	Oppstart hausten 2023

Kommentarar

Tabellen over er ei skissert tidsplan for korleis det er planlagt at ein skal arbeide vidare med det regionale planverket for helseberedskapen i Helse Vest.

Det blei i sak 012-23 til styret protokollført :

Styret er opptekne av å vite kva tid styret skal inn i dei ulike prosessane, og bad om at dette går inn i tidsplanen.

Styret vil bli involvert med ei orienteringssak i styremøtet desember 2024, der dei delplanane som på dette tidspunktet er godkjent vil bli vedlagt styresaka.

Konklusjon

Styret tar saka til orientering.